



DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

Møtebok

Ål kyrkjelege fellesråd

Møte 3.3.2026

Møtestart: Kl 18.30 Ål kyrkjestugu

Møteslutt: Kl 19.45

Til stade:

Medlemmer: Inger Haug (Leveld), Liv A. Solberg (Leveld), Kari Kristine Flatland (Torpo), Ingrid K. Hajem (Ål), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Audun Vestenfor (Ål),

Varamedlem: Wenche Skår-Ekse (vara Ål).

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Arild Øystese Hansen (Ål), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Egil Kolsrud (vara Torpo), Kristoffer Lønning Tørresen (setteprost).

SAKSLISTE:

FR-sak 8/26: Godkjenning av referat frå møtet 20.1.26 og innkalling 3.3.26

FR-sak 9/26: Budsjett 2026 – vedtak

FR-sak 10/26: Årsmelding 2025

FR-sak 11/26: Foreløpig rekneskap 2025

FR-sak 12/26: ÅKF prislistejustering 2026

FR-sak 13/26: Orienteringssaker

FR-sak 14/26: Personalsituasjonen – oppdatering

Anne Kjersti Frøyen

Leiar

Kristoffer Krohn Sævre

Kyrkjeverje

FR-sak 8/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 20.1.26 OG MØTEINNKALLING 3.3.26

Saksdokument:

[Møtebok frå 20. januar 2026.](#)

Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Ål kyrkjeleg fellesråd i møte 20.1.2026 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinncallinga for møtet 3.3.2026 er lagt fram for godkjenning.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 3.3.2026

VEDTAK :

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner møteboka frå 20.1.2026.

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner innkallinga til møtet 3.3.2026.

FR-sak 9/26: BUDSJETT 2026 – VEDTAK

Saksdokument:

Budsjett 2026 ÅKF

Saksopplysningar:

Kommunestyret i Ål vedtok eit tilskot til Ål kyrkjelege fellesråd på 7,060,000 kroner til driftsbudsjett. Det fyrste utkastet til budsjett 2026 innebar eit meirforbruk og fellesrådet ba kyrkjevevja og fellesrådsleiar om å utarbeide eit utkast til budsjett 2026 i balanse til handsaming 3.3.2026.

Nokre moment til orientering:

- 5-års festeperioder er planlagt innført frå 1. januar 2027, altså vert det nokre høgare inntekt hausten 2026 enn forespeila i fyrste utkast. Budsjettet for 2027 må ta noko redusert inntekt i berekninga.
- Løn er no lagt inn med ei antatt 5% auke frå mai av etter lønnsforhandlingar.
- Me vil ikkje bruke alle lønsmidlar grunna diakonvakanse fram til 1. mai samt noko sjukemelding.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 3.3.2026

VEDTAK :

Fellesrådet vedtek budsjettet for 2026 som presentert.

FR-sak 10/26: ÅRSMELDING 2025

Saksdokument:

Utkast årsmelding 2025

Saksopplysningar:

Kyrkjevevja og fellesrådsleiar har utarbeida utkast til årsmelding for 2025 som vert inkludert til orientering i sokneårsmøtet 8. mars 2026.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 3.3.2026

VEDTAK:

Fellesrådet vedtek årsmeldinga for 2025 som presentert.

FR-sak 11/26: FORELØPIG REKNESKAP 2025

Saksdokument:

Foreløpig rekneskap 2025

Saksopplysningar:

Endeleg rekneskapsoversikt for Ål kyrkjelege fellesråd 2025 er ikkje ferdigstilt, men foreløpig rekneskap viser eit sluttresultat med eit mindreforbruk på kr 664,000. I neste fellesrådsmøte vil kyrkjevevja legge fram bekrefta rekneskapstal og eit foreslått vedtak om å plassere midlane på disposisjonsfond.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 3.3.2026

VEDTAK :

Fellesrådet tek foreløpig rekneskap til orientering.

FR-sak 12/26: ÅKF PRISLISTEJUSTERING 2026

Saksdokument:

ÅKF prisliste 2026

Saksopplysningar:

Kyrkjevevja har utarbeida ei oppdatert prisliste 2026 som treng handsamling og vedtak i fellesrådet.

Nokre moment til orientering:

- Endringsforslaga i vedlagt dokument er merka i gult.
- Nokre prisar frå Gol og Hemsedal er sett inn til samanlikning.
- Festeavgift vil handsamast i forbindelse med vedtektsendring seinare i 2026 og krevjar også vedtak i kommunestyret. Festeavgifta blir difor ikkje justert i dette vedtaket.
- Kremasjonsavgift dekkast av kommunen og er difor ikkje sett opp med pris/betaling.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 3.3.2026

VEDTAK :

Fellesrådet vedtek ÅKF prisliste 2026 som presentert med effekt frå 1. april 2026.

Fellesrådet går inn for å justere konfirmasjonsavgifta ned til kr 1200 for å nærme oss likt nivå med andre kyrkjelege råd i Hallingdal. Reduksjonen skal ikkje innebere ein reduksjon i tilbodet, fellesrådet forpliktar oss til å bruke midlar på konfirmantane og til å gjere konfirmanttilbodet attraktivt.

FR-sak 13/26: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

a) Det er bestilt nytt kjøkkenskap og benkeplate til bakre hjørne i Kyrkjestugu. Det vil avlaste kjøkkenet noko, samt få alt servise nærmare faktisk bruk i Kyrkjestugu, til nytte for SuperTorsdag, Formiddagstreff m.m. Det nye inventaret er forventa levert veka etter påske.

b) Etterarbeid i Ål kyrkje etter nytt varmeanlegg: Dei gråe radiatorhyllene i skipet mista sin funksjon med dei nye viftekonvektorane. Kyrkjevevja søkte bispekontoret og Riksantikvaren om å fjerne hyllene og måle vegg bak likt som øvrig vegg. Bispekontoret støtta umiddelbart tiltaket, og Riksantikvaren sendte deira konklusjon 26. februar 2026 med støtte til tiltaket. Sluttresultatet blir både fint og betre funksjonelt – både visuelt og med tanke på passasje og brannsikkerheit.

c) Oppdatering investeringsmidlar i 2026: Kyrkjevevja er i gong med forberedande arbeid i tråd med skisse for investeringsbehov. Leveld kyrkje vil bli prioritert i 2026, i tillegg til mellom anna lyssetting i Ål kyrkje, samt noko arbeid ved Torpo kyrkje. Me vil også gjere eit forsøk på å få på plass universal utforma inngong (rullestol) ved Torpo kyrkje. Kyrkjevevja vil forsøke å invitere ressurspersonar til å gje råd om tiltak og progresjon for kyrkjene i tråd med tilstandsrapporten frå 2024. I løpet av 2026 vil me gjere klar ein søknad til Kirkebevaringsfondet for Torpo kyrkje med håp om godkjenning og implementering i 2027.

d) Paragraf 23-møte (trossamfunnsloven) vart arrangert på Gol 2. mars 2026. Erling Lae hadde foredrag og presenterte ein utredning frå 2014 om hensyn rundt kremasjon, gravlegging og grav. Kommunane i Hallingdal vurderer behovet for nytt krematorium innan 2030, og det drøftast eigarform og seremonirom.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 3.3.2026:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringane.

FR-sak 14/26: PERSONALSITUASJONEN - OPPDATERING

Saksframlegg:

Fellesrådet har lagt inn ei fast orienteringssak om personalsituasjonen i kyrkja.

Prosten vil orientere om prestesituasjonen.

- Kapellantilsetjing: Aslak Elias Simonsen (36) vart innstilt og har takka ja til stillinga som kapellan i Hol og Ål.
- Prosten har sett opp prestefordeling for våren og sommaren.

Kyrkjeverja orienterte om all anna stab ved kyrjekontoret.

- Ny diakon Børge Bekkestad startar opp 1. mai, men vil ha ferieavvikling mellom jobbane i sommarmånadene. Han presenterast i Kyrkjebladet før påske.
- Me har framleis ein sjukemelding og med det noko vikarbehov, inkl. konfirmanntur i april
- Kyrkjeverja skal delta på KA sitt *Grunnkurs for kirkeverger* 9.-13, mars 2026.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 3.3.2026:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringa.

Neste møte: 28. april 2026